



129

DRIFTSRESULTAT (37)

77

RESULTAT FØR SKATT
(16)

KRAFTPRODUKSJON GWh (309)

413

OMSETNING (633)

737

TOTALKAPITAL (2 943)

2 838

EIGENKAPITALPROSENT (29,4)

31,9

REKNESKAP PR. 2. TERTIAL 2019

Rekneskapen pr. 2. tertial 2019 syner eit driftsresultat på 129,4 mill. kr (36,6) og eit resultat før skatt på 76,9 mill. kr (16,5). Omsetninga vart 737,3 mill. kr (633,4), totalkapitalen er 2 838,1 mill. kr (2 943,2) og eigenkapitalprosenten er 31,9 % (29,4). Netto finans syner eit resultat på -52,5 mill. kr (-20,1). Tilsvarende tal pr. 2. tertial 2018 står i parentes.

Konsernet har ein auke i driftsresultatet på 92,8 mill. kr samanlikna med tilsvarende periode i 2018. Hovudårsaka til auken i driftsresultatet er høgare produksjonsvolum, høgare oppnådd kraftpris og lågare andre driftskostnader. I fjor vart turbinane i Tussa kraftverk på Bjørke rehabilitert og oppgradert, og kraftverket var ute av drift i nærare 6 månader.

Tussa Energi AS er største bidragsytar til auken i resultatet, men alle selskapa viser positiv resultatutvikling sett i høve til 2. tertial 2018.

Finansresultatet er -52,5 mill. kr mot -20,1 mill. kr på same tid i fjor. Hovudforklaringa til resultatendringa er negativ utvikling av marknadsverdien på rentesikringsavtalar og valutalån sidan 2. tertial i fjor. Rentesikringsgraden ved utgangen av tertialet er om lag 43 %, og gjennomsnittleg rentebindingstid er 3 år og 6 mnd. Begge deler innanfor gjeldande sikringsstrategi.

Gjennomsnittleg rente på eksterne lån var 2,4 % ved utgangen av tertialet.

Skattekostnaden er estimert til 41,1 mill. kr (2,6) pr. 2. tertial. Det er her bokført 16,8 mill. kr (3,7) overskotskatt, og grunnrenteskatt med 24,3 mill. kr (-1,1). Pr. 2. tertial 2018 var det bokført negativ grunnrenteskatt som følgje av negativ grunnrenteinntekt ved Tussa kraftverk pr. 31.08.18. Dette på grunn av lågare produksjonsvolum og auka vedlikehaldskostnader i samband med det planlagde arbeidet ved Tussa kraftverk. Estimert skattekostnad pr. 31.08.19 utgjør om lag 53 % av konsernresultatet (16 %).

Resultat etter estimert skatt er 35,8 mill. kr (13,9).

Investeringar i varige driftsmiddel er på 101,2 mill. kr (194,1), i hovudsak fordelt på nett med 44,6 mill. kr, IKT med 47 mill. kr og kraftproduksjon med 8,1 mill. kr.

Totalkapitalen er redusert med 105,1 mill. kr samanlikna med same tidspunkt i fjor. Dette har i hovudsak samanheng med sal av 13 % av aksjane i Istad til KLP i 2. tertial 2018, og nedbetaling av lån i samband med dette.

ENERGI

Kraftproduksjon

Driftsresultatet for kraftproduksjon er 76 mill. kr, som er 72,2 mill. kr høgare enn på same tidspunkt i 2018. Auken har i hovudsak samanheng med den planlagde driftsstansen i Tussa kraftverk i 2018.

Akkumulert kraftproduksjon er på 412,8 GWh (308,6). Produksjonen ved utgangen av tertialet er om lag 104 % av normalproduksjonen for perioden. Tilsiget hittil i år har vore 99 % av normalen. Magasinfyllinga ved utløpet av tertialet var på 82 % (77)

Hydrobalansen i Norden ligg ved utgangen av 2. tertial om lag 4 TWh under normalt for årstida. Snømagasinet er om lag null på denne tida av året. Gjennomsnittleg spotpris, systempris, på NordPool har til og med august vore 37,6 øre/kWh (40,3). Områdeprisen i Ørsta i år er også 37,6 øre/kWh (40,6).

Bygginga av Osdalen kraftverk har starta. I Tussa kraftstasjon er restarbeidet i samband med oppgraderinga av kraftverket slutført. I sommar vart spenningsregulatoren i Sørbrandal kraftverk oppdatert, etter at det har vore problem med spenningskvaliteten i området. Restarbeidet på Tenneelva kraftverk er ferdig, og det vart markert med ope kraftverk, der mykje folk møtte fram. I Ulsteindalen kraftverk har vi søkt om løyve til å seinke høgste regulerte vasstand i dei to magasinane, for å unngå store kostnader med pålagt oppgradering av dammane. I august fekk vi slikt løyve av Olje- og energidepartementet.

Styresmaktene har fastsett at det skal gjennomførast miljørevisjon i Mørevassdraget (Austefjorden). Det betyr at det blir full gjennomgang av vilkåra i den hundre år gamle reguleringskonsesjonen med omsyn til natur og miljø. Det har elles vore normal drift i tertialet.

Kraftomsetning

Rekneskapen viser eit driftsresultat på 1,7 mill. kr (1,0).

Det har vore ei positiv utvikling utover året både i tal kundar i privatmarknaden og i resultatet. Kraftprisen er langt meir stabil og ligg på eit lågare nivå enn i fjor. Det gjer at vi kan vere meir langsiktige i salsarbeidet. I bedriftsmarknaden er kundegrnlaget stabilt, men vi registrerer at aktiviteten i maritim sektor framleis er noko redusert, og at omstillingsprosessane ikkje er ferdige.

Kraftnett

Tussa eig 46,34 % av det felleskontrollerte føretaket Mørenett. Tussa sin del av selskapet er difor konsolidert inn i Tussa sin konsernrekneskap.

Rekneskapen viser eit driftsresultat på 31,7 mill. kr (26,7). Driftsresultatet har ei positiv utvikling, og hovudårsaka er at KILE-kostnadane var spesielt høge i fjor. KILE-kostnad er eit kvalitetsmål for oppetid i nettet. Ved utgangen av 2. tertial var dei samla KILE-kostnadene 8,5 mill. kr (24,1).

Det har vore god utførande aktivitet i nettet, både innanfor drift og vedlikehald, og ny- og reinvesteringar. Tussa sin del av investeringane i kraftnettet er pr. 2 tertial 44,6 mill. kr (106,1). Tilrettelegging for elektrifisering av ferjer utgjer dei største investeringane i 2019, og desse er i stor grad finansiert gjennom anleggsbidrag. Aktiviteten er difor høg sjølv om eigenfinansierte investeringar er kraftig redusert i forhold til 2018.

IKT

Driftsresultatet for IKT var 20,7 mill. kr (15) pr. 2. tertial.

Ved utgangen av tertialet er det levert fiber til 10 377 hushaldningar (9 496) og 656 bedrifter (577). Samla kundemasse over alle teknologiar er 12 552 hushaldningar (12 321) og 932 bedrifter (878). Hittil i år har investeringane vore på 47 mill. kr (41,6).

Forretningsområdet kommunikasjon hadde ved utgangen av tertialet ein auke i ekstern omsetning på 5,0 mill. kr, noko som utgjer 7 % vekst frå same tid i 2018. Privatmarknaden, med produktområda internett og TV, står for 4,2 mill. kr av auken, medan bedriftsmarknaden står for 0,8 mill. kr.

Ved utgangen av tertialet hadde forretningsområdet IT ein auke i den eksterne omsetninga på 5,6 mill. kr samanlikna med 2. tertial 2018. Dette gir ein vekst på 15,0 %. Hovudårsaka til dette er auke innanfor IT-avtalar og konsulenttenester.

INSTALLASJON

Driftsresultatet for installasjon var -0,9 mill. kr (-5,5) pr. 2. tertial.

Ved utgangen av tertialet har installasjon ein auke i omsetninga på 4,8 % samanlikna med same tid i fjor. I marknadsområda som er knytt til større byggjeprojekt er konkurransesituasjonen hard, og vi har hatt ein reduksjon i omsetninga. Innanfor servicemarknaden er det stor aktivitet, både mot næringskundar og privatkundar, og vi forventar høg aktivitet ut året. I tillegg vert det rekna på fleire større, interessante prosjekt for levering i 2020.

I april kjøpte vi Kvalsvik Elektro AS i Fosnavåg. Kjøpesummen var 12 mill. kr, og i juli vart det gjennomført fusjon mellom selskapa.

Rekneskap Tussakonsernet

TAL I TUSEN KR

| RESULTAT PR. 2. TERTIAL | 2019 | 2018 | 2017 |
|--------------------------------------|----------------|----------------|----------------|
| Salsinntekt | 187 387 | 172 370 | 165 659 |
| Energisal* | 376 147 | 273 718 | 164 306 |
| Nettinntekt | 161 405 | 169 260 | 158 193 |
| Andre driftsinntekter | 12 317 | 18 099 | 26 079 |
| Sum driftsinntekter | 737 256 | 633 447 | 514 237 |
| Varekostnad | 50 200 | 49 571 | 51 716 |
| Energikjøp og overføringskostnad | 264 159 | 219 098 | 98 097 |
| Lønskostnad | 124 156 | 120 651 | 129 921 |
| Annan driftskostnad | 84 366 | 117 189 | 72 575 |
| Sum driftskostnad før avskr. | 522 881 | 506 509 | 352 309 |
| EBITDA | 214 375 | 126 938 | 161 928 |
| Avskrivning og nedskrivning** | 84 985 | 90 334 | 86 419 |
| Driftsresultat | 129 389 | 36 604 | 75 509 |
| Netto finans | -52 467 | -20 111 | -4 095 |
| Resultat før skatt | 76 923 | 16 493 | 71 414 |
| Estimert skattekostnad | 41 117 | 2 595 | 24 218 |
| Resultat etter estimert skatt | 35 806 | 13 898 | 47 196 |

*Auken i energisalet kjem av høgare kraftpris og at Tussa-24 AS og Mørenett AS har blitt egne aktørar på NordPool.

** Avskrivningane i 2019 er lågare som følgje av at Mørenett AS har auka avskrivningstidene sine på anlegg.

| BALANSE PR. 2. TERTIAL | 2019 | 2018 | 2017 |
|----------------------------------|------------------|------------------|------------------|
| Anleggsmidlar | 2 653 080 | 2 328 147 | 2 155 932 |
| Omløpsmidlar | 185 028 | 615 033 | 220 342 |
| Sum eigedelar | 2 838 108 | 2 943 180 | 2 376 274 |
| Eigenkapital | 904 905 | 863 910 | 877 726 |
| Avsetning for forpliktingar | 71 974 | 33 555 | 16 751 |
| Langsiktig gjeld | 1 684 862 | 1 843 458 | 1 295 026 |
| Kortsiktig gjeld | 176 366 | 202 257 | 186 771 |
| Sum gjeld og eigenkapital | 2 838 108 | 2 943 180 | 2 376 274 |

| RESULTAT PR. 2. TERTIAL | OMSETNING | | EBITDA | | DRIFTSRESULTAT | | RESULT. FØR SKATT | |
|-------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|---------------|-------------------|---------------|
| | 2019 | 2018 | 2019 | 2018 | 2019 | 2018 | 2019 | 2018 |
| Kraftproduksjon | 220 931 | 270 886 | 105 058 | 31 240 | 75 979 | 3 797 | 71 214 | -4 967 |
| Kraftomsetning | 182 707 | 183 445 | 2 165 | 1 566 | 1 740 | 1 046 | 1 209 | 903 |
| Kraftnett | 181 204 | 178 549 | 57 211 | 60 496 | 31 720 | 26 714 | 22 883 | 20 688 |
| IKT | 130 159 | 118 891 | 50 135 | 42 208 | 20 681 | 15 039 | 16 118 | 9 192 |
| Installasjon | 67 281 | 64 215 | 449 | -4 097 | -879 | -5 480 | -997 | -5 427 |
| Andre | 22 118 | 18 174 | -643 | -4 474 | -955 | -4 742 | -34 608 | -4 127 |
| Konsernelimineringar* | -67 144 | -200 712 | 0 | 0 | 1 103 | 231 | 1 103 | 231 |
| Sum | 737 256 | 633 447 | 214 375 | 126 938 | 129 389 | 36 604 | 76 923 | 16 493 |

* Stor endring i konsernelimineringar kjem av at internhandelen av kraft mellom Tussa Energi AS og Tussa-24 AS/Mørenett AS vart avslutta i løpet av 2018.